



Dagleg leiar ved Kvinnherad Vekstbedrift AS, Tor V. Sæle

Dagleg leiar, Tor Vidar Sæle, kjem til årsmøte i Uskedal utvikling onsdag 3. februar. Han vil ha ei innleiing om verksemda Kvinnherad Vekstbedrift, om drifta i dag, utvikling og arealbruk i sentrum.

I 2015 hadde Uskedal utvikling eit møte med dagleg leiar og styreleiar om dette tema. Det var ei nyttig drøfting der ein fekk avklart kva mål og tiltak ein ser for seg i tida framover. Kvinnherad Vekstbedrift er ei sentral og velorganisert verksemd i kommunen med ulike tenester til ei variert brukargruppe. Det er alltid behov for oppdatert informasjon om Kvinnherad Vekstbedrift. No har du sjansen. Alle vert med dette invitert til årsmøte i UU onsdag 3. februar kl. 19

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen
Nett: Thor Inge Døssland